

# Kulturhistoriske registreringar

Reguleringsplan for Storetveit skole, gbnr. 13/808,  
Bergen kommune

Rapport 33 - 2022

<b>Kommune:</b>	Bergen		
<b>Gardsnamn:</b>	Storetveit		
<b>Gnr/Bnr:</b>	13/808		
<b>Tiltakshavar:</b>	Bergen kommune		
<b>Adresse:</b>	Bergen		
<b>Namn på sak:</b>	Reguleringsplan Storetveit skole		
<b>Saksnummer:</b>	2022/21619		
<b>Registrering utført:</b>	13.-16.06.2022, 27.-30.06.2022	<b>Ved:</b>	Isabel Furesund Berge, Ragnhild Egeland Torp, Andrea Skrede
<b>Rapport utført:</b>		<b>Ved:</b>	Andrea Skrede
<b>Rapport kontrollert av:</b>			
Askeladden id			
<b>Automatisk freda kulturminne i området:</b>	Einfasa dyrkingslag Einfasa dyrkingslag		289248 289249
<b>Nyare tids kulturminne i området:</b>	-		-

## Forord

Etter omorganiseringa av kulturminnevernet i 1990 vart ansvaret for automatisk freda kulturminne i plansaker overført til fylkeskommunane. I Vestland fylkeskommune er det Seksjon for kulturarv ved Avdeling for kultur, idrett og inkludering som utfører det kulturminnefaglege arbeidet. Planområda vert sjekka ut i høve til arkivopplysningar om kjente automatisk freda kulturminne. Det vert og gjort ei kulturminnefagleg vurdering om det må gjerast arkeologiske registreringar i felt.

Den arkeologiske registreringa i felt har som mål å finne ut om eit planlagd tiltak vil komma i konflikt med automatisk freda kulturminne (eldre enn 1537). I den grad tiltaket vil verka inn på nyare tids kulturminne vil desse bli kort omtalte.

Denne rapporten er utarbeidd på bakgrunn av arkeologisk registrering i felt. Rapporten gjev opplysningar om arbeidsomfang, utstrekning og karakter av registrerte kulturminne.

# Innhald

<b>1. Samandrag</b> .....	6
<b>2. Bakgrunn</b> .....	7
<b>3. Kulturminne – eit sentralt omgrep</b> .....	8
<b>4. Metode</b> .....	9
<b>5. Området</b> .....	10
<b>6. Tidlegare registreringar og funn i området</b> .....	14
<b>7. Undersøkinga</b> .....	15
<b>7.1 Automatisk freda kulturminne</b> .....	22
<b>7.1.1 Askeladden-ID. 289248 - Lokalitet 1, Storetveitmarken vest - Dyrkingslag</b> .....	23
<b>7.1.2 Askeladden-ID. 289249 - Lokalitet 2, Storetveitmarken aust - Dyrkingslag</b> .....	26
<b>8. Tolking</b> .....	28
<b>9. Konklusjon</b> .....	28
<b>Referansar</b> .....	29
<b>Vedlegg</b> .....	30
<b>A. C14-dateringar – Dyrkingslag</b> .....	30
<b>B. C14-dateringar – Myra (Sendt inn frå Avd. for naturhistorie, Universitetet i Bergen)</b> .....	34
<b>C. Gravepåvising, Geomatikk</b> .....	42



# Figurliste

Figur 1. Tabell over dei registrerte lokalitetane og funnstadane inannfor planområdet .....	6
Figur 2. Tiltakshavar sitt kart over planområdet .....	7
Figur 3. Arkeologiske periodar .....	8
Figur 4. Foto av sentrale delar av planområdet.....	10
Figur 5-10. Foto av planområdet på Storetveit.....	11
Figur 11. Oversikt over nokre av dei moderne inngrepa .....	12
Figur 12. Oversikt over VA-grøft og kummar .....	13
Figur 13. Dei lilla linjene syner kabelpåvising til Geomatikk.....	13
Figur 14. Kart med oversikt over tidlegare registrerte kulturminne i nærleiken .....	14
Figur 15-17. Arbeidsbilete frå registreringa .....	15
Figur 18. Foto av SJ55 .....	16
Figur 19. Foto av SJ24 .....	17
Figur 20. Foto av SJ63 .....	17
Figur 21. Tabell oevr trekolprøver som vart sendt inn til C14-datering frå registreringa .....	18
Figur 22. Tabell over sjakter opna under registreringa .....	20
Figur 23. Kart med oversikt over pollen- og makrofossilundersøkinga (Halvorsen 2022) .....	21
Figur 24-25. Foto av uttak av pollen- og makrofossilanalyse.....	22
Figur 26. Kart med oversikt over dei to automatisk freda kulturminna i undersøkinga.....	22
Figur 27. Kart som syner ID.289248 .....	23
Figur 28-29. SJ27 .....	24
Figur 30. Profilveggen i SJ27 .....	24
Figur 31. Bileta av området der lok.1 (S1) ligg. ....	25
Figur 32. Tabell med oversikt over strukturar i lok. 1 .....	25
Figur 33. Kart som syner ID.289249 .....	26
Figur 34. SJ43 .....	27
Figur 35. Profilveggen i SJ43 .....	27
Figur 36. Tabell med oversikt over strukturar i lok. 2.....	28

## 1. Samandrag

I samband med reguleringsplan for Fana, gbnr. 13/808, Storetveit ungdomsskole i Bergen kommune, har seksjon for kulturarv ved Vestland fylkeskommune gjennomført ei kulturhistorisk registrering med siktemål å kartleggje eventuell konflikt med automatisk freda kulturminne i planområdet.

Registreringa vart utført av Ragnhild Egeland Torp, Isabel Furesund Berge og Andrea Skrede 13.-16.06.2022 og 27.-30.06.2022. Etterarbeid og rapport er utført av Andrea Skrede.

Under registreringa kom også Ingvild K. Mehl og Lene S. Halvorsen frå Avdeling for naturhistorie hjå Universitetet i Bergen ut i felt og gjennomførte pollen- og makrofossilanalyse av borekjerner den 28.06.2022.

Dyktige maskinførarar frå entreprenør Løvaas Maskin AS utførte gravearbeidet, og det vart nytta to gravemaskiner under registreringa. Det vart opna 64 sjakter med gravemaskin under registreringa, der av fem av sjaktene var funnførande. Det vart òg overflateregistrert innanfor planområdet. Den arkeologiske registreringa gav funn av to automatisk freda kulturminne: to lokalitetar med einfasa dyrkingsspor frå eldre jernalder. Eine lokaliteten fekk datering til førromersk jernalder (ID. 289148) og den andre frå eldre romertid (ID. 289249).

Askeladden-ID.	Namn	Type	Datering	Vernestatus
289249	Einfasa dyrkingslag Storetveitparken vest	Dyrkingsspor	Førromersk jernalder, 2200 +/- 30 BP (369 - 173 cal BC)	Automatisk freda
289249	Einfasa dyrkingslag Storetveitparken aust	Dyrkingsspor	Romertid, 1940 +/- 30 BP (10 - 204 cal AD)	Automatisk freda

Figur 1. Tabell over dei registrerte lokalitetane og funnstadane innanfor planområdet.



### 3. Kulturminne – eit sentralt omgrep

*Kulturminne* er konkrete spor etter menneske som levde før oss. Dei omfattar òg stader det er knytt historiske hendingar, tru eller tradisjonar til, jf. kulturminnelova § 2, 1. ledd. Kulturminne kan til dømes vere hus, gravhaugar, tufter, båtar og vegar. Desse kan vere frå tidlegare tider eller frå vår eiga tid.

Eit stort tal med verdifulle kulturminne er freda. Gjennom kulturminnelova er kulturminne frå oldtid og mellomalder (inntil år 1537), ståande bygningar eldre enn 1650 og samiske kulturminne eldre enn 100 år automatisk freda. Lova inneheld òg eigne lovføresegner om vern av skipsfunn. Kulturminnelova § 4 inneheld ei liste av ulike typar kulturminne som er automatisk freda. I kulturminneforvaltninga vert det også ofte skilt mellom automatisk freda kulturminne, også kalla fornminne og nyare tids kulturminne.

Arkeologiske periodar		Ukalibrert BP	Kalibrert BC/AD
Eldre steinalder	Tidlegmesolitikum (TM)	10 020 – 8900 BP	9500 – 8000 BC
	Mellommolitikum (MM)	8900 – 7690 BP	8000 – 6500 BC
	Seinmesolitikum (SM)	7690 – 5230 BP	6500 – 4000 BC
Yngre steinalder	Tidligneolitikum (TN)	5230 – 4700 BP	4000 – 3300 BC
	Mellomneolitikum, periode A (MNA)	4700 – 4100 BP	3300 – 2600 BC
	Mellomneolitikum, periode B (MNB)	4100 – 3800 BP	2600 – 2300 BC
	Seinneolitikum (SN)	3800 – 3500 BP	2300 – 1800 BC
Bronsealder	Eldre bronsealder (EBA)	3500 – 2900 BP	1800 – 1200 BC
	Yngre bronsealder (YBA)	2900 – 2440 BP	1200 – 500 BC
Eldre jernalder	Førromersk jernalder	2440 – 2010 BP	500 – 0 BC
	Romertid	2010 – 1680 BP	0 – 400 AD
	Folkevandringstid	1680 – 1500 BP	400 – 570 AD
Yngre jernalder	Merovingartid	1500 – 1210 BP	570 – 780 AD
	Vikingtid	1210 – 1000 BP	780 – 1030 AD
Mellomalder	Tidlig mellomalder		1030 – 1150 AD
	Høgmellomalder		1150 – 1350 AD
	Seinmellomalder		1350 – 1537 AD

Figur 3. Oversikt over dei arkeologiske periodane.

Dei fleste automatisk freda kulturminna er enno ikkje registrert. Det er ulike årsaker til dette. Mest vanleg er at dei ligg skjult under dagens markoverflate, eller at kulturminna er så overgrodd at dei ikkje lenger er synlege. Det kan òg skuldast at ein aldri har leita etter kulturminne i desse områda. Ettersom kartfesting og registrering av automatisk freda kulturminne aldri vil bli fullstendig, er ein i offentleg forvaltning og arealplanlegging avhengig av den informasjonen og dei data kulturminnevernet får fram gjennom registreringsarbeidet. Ved planlegging av offentlege og større private tiltak pliktar den ansvarlege å undersøke om tiltaket vil virke inn på automatisk freda kulturminne, jf. kulturminnelova § 9. Ved andre tiltak som inneber endra arealbruk og inngrep i marka, er det arkeologiske undersøkingar etter § 11 i kulturminnelova som skal sikre at både kjente, og hittil uregistrerte automatisk freda kulturminne ikkje blir øydelagde som følgje av eventuelle brot på § 3 i kulturminnelova.

Kulturminne frå nyare tid (yngre enn 1537) har meir eller mindre stor verneverdi, men er med unntak av ståande bygningar eldre enn 1650 i utgangspunktet ikkje automatisk freda. Dei kan verte freda etter § 15 i kulturminnelova eller verte regulerte til vern med heimel i plan- og bygningslova. I SEFRAK-registeret er kulturminne frå før 1900 (hovudsakleg ståande bygningar) registrert. I nokre områder er òg kulturminne frå etter 1900 SEFRAK-registrert.

## 4. Metode

Sidan forhistoriske spor etter menneske ofte ikkje er synleg på markoverflata, vil registreringsmetoden vanlegvis innebere graving manuelt med spade, prøvestikking, eller ved hjelp av gravemaskin, maskinell flateavdekking. I område kor ein reknar med funn av synlege kulturminne vert det søkt i overflata. Ofte vert fleire metodar nytta på ei og same registrering. Kva metode som er vald avheng av topografi, høgd over havet og kva type kulturminne ein reknar med å kunne påvise.

Maskinell flateavdekking er ein arkeologisk registreringsmetode ofte nytta til å påvise automatisk freda kulturminne i dyrka mark. Metoden går ut på at ein fjernar jordlag med gravemaskin ned til undergrunnen eller til uforstyrta lag med funn av forhistoriske spor. Når den overdekkande jordmassen blir fjerna av gravemaskina, følg arkeologane maskina og reinsar fram den avdekkta flata for å påvise spor etter forhistorisk aktivitet. Slike spor er til dømes stolpehol og veggriller etter hus, kulturlag, ulike typar nedgravingar som kokegroper, eldstadar og graver, samt fossile dyrkingslag og ardspar etter forhistorisk jordbruk. Ved registreringa vert det opna opp søkesjakter i kring tre meters breidde og i varierende lengde.

Ved overflateregistrering blir området som skal undersøkast synfare systematisk med tanke på synlege kulturminne. Synlege kulturminne kan vere gravminne, hustuffer, steingardar, geiljar, vegar og vegfar, runesteinar, helleristningar, bergmalingar, jakt- og fangstanlegg, kolgroper, jernvinneanlegg, hellarar, steinbrot, bygdeborgar etc.

På bakgrunn av kunnskap om tidlegare kjende kulturminne i området og terrenget på staden kunne ein primært vente å finne spor frå bronsealder og jernalder i planområdet. Ved registreringa vart det overflateregistrert og utført ei maskinell flateavdekking.

## 5. Området

Planområdet ligg i Storetveitmarken nord for Storetveit skole, i Fana bydel i Bergen kommune, og ligg mellom Kirkevegen og Storetveitvegen. Dette er i dag eit parkområde med plenkledd mark, grusveggar, og tilhøyrande allèar med tre. Det renn ei elv frå nord mot sør gjennom planområdet. Parken er mykje brukt til rekreasjon og friluftsliv.

Området er noko kupert med knausar, bakkar og høgdedrag. Planområdet ligg mellom 50 og 63 moh. Nord i området ligg det ei myr, og det er fleire delar av området som er svært vått. Dette gjeld det lågaste partiet som ligg i senter av planområdet, frå myra i nord, og til grasstykket som ligg aust for fotballbana. Lengst aust i planområdet er det skrinnare, og det stikk berg opp i dagen. Innanfor skuleområdet er det fleire store knausar, her stikk det opp ein del berg.



*Figur 4: Foto av sentrale delar av planområdet, fotografert mot nord. VLFK*






*Figur 5-10: Foto av planområdet på Storetveit. Oppe til venstre fotografert mot sør, syner området aust for fotballbana. Oppe til høgre er foto av parken fotografert mot nord, frå innkøyrsla aust for parsellhagen. I midten til venstre syner området nord for parsellhagen, med parsellhagen i bakgrunnen, fotografert mot sør. I midten til høgre syner området lengst aust i planområdet, fotografert mot sør. Nedst til venstre er sørvestlegast del av planområdet, fotografert mot sørvest. Nedst til høgre syner planområdet lengst mot nordaust, fotografert mot sørvest. VLFK*



## 5.1 Infrastruktur


Storetveit barnehage, Storetveit skole og tilhørende fotballbane ligg i sørleg del av planområdet. Under den arkeologiske registreringa vart arkeologane og tiltakshavar kontakta av Naturvernforbundet med informasjon om at det ligg ei sådd blomstereng rett vest for fotballbana. I sørvestleg del ligg Nasjonenes park, og i søraustleg del ligg det ein parsellhage. Sjå figur 11 for oversikt over inngrepa arkeologane forsøkte å ta omsyn til under registreringa.

Det er ein del infrastruktur i bakken. Mellom anna går det ei VA-grøft frå vest til aust over planområdet, sjå figur 12. Geomatikk hadde kabelpåvising 16.06.2022, sjå figur 13 og vedlegg C.




Figur 11: Oversikt over nokre av dei moderne inngrepa som vart teke omsyn til under registreringa. Trea langs allèane vart tekne omsyn til med at det vart grave utanfor trekronene.





Figur 12: Oversikt over VA-grøft og kummer innanfor tiltaksområdet. Henta frå bergenskart.no.



Figur 13: Dei lilla linjene syner kabelpåvisninga til Geomatikk. Innmålt med CPOS. Svart linje syner plangrensa. VA-grøfta i figur 12 er også synleg her, denne linja vart georeferert frå bilete henta frå bergenskart.no.

## 5.2 Storetveit hovedgård


Storetveitmarka er det siste, store grøntarealet som framleis er att etter Storetveit hovedgård, også kalla «Tvedt gård». I Fana bygdebok 1 (Larsen 1980:121) står det at gardar som sluttar på «tveit», ofte vart rydda og etablert i siste del av merovingertid og i vikingtid. I mellomalderen og etter reformasjonen låg garden under Nonneseter kloster, og vart for første gong nemnt i skriftlege kjelder i 1519 (Arntzen 2019, Hartvedt og Skreien 2001). Garden var i ulikt eige fram til 1955, då vart garden frådelt til utbyggingføremål.

## 6. Tidlegare registreringar og funn i området

Det var frå før ikkje kjende automatisk freda kulturminne innanfor området, men det var registrert eit metalldetektorfunn (ID. 236770). Dette funnet er eit beslag til ein nøkkelring, som syner eit dansande par. Dette er typologisk datert til seinmellomalder. Det er eit svært lik nøkkelring registrert i Metropolitan museum med nr. 68.141.2. I følgje Fana bygdebok 1 (Larsen 1980:130) vart det rundt 1910 gjort funn av ein spydspiss (B6412) på bruket til Wilhelm Mohr, datert til vikingtid. Det er usikkert kvar på bruket spissen vart funne, men det vart funne i dyrka mark.

I samband med bygging av Storetveit barnehage, gjennomførte Byantikvaren ei arkeologisk registrering i 2007 (Hagen 2007). Det vart ikkje gjort funn i den arkeologiske registreringa.

Det er registrert fleire automatisk freda kulturminne i nærleiken. På Fantoft, om lag 250 m søraust for planområdet, ligg det ein lokalitet med kolmile, stolpehol og kokegroper frå yngre jernalder til mellomalder (ID.114270). I Fantoftåsen sør for planområdet, ligg ein dyrkingslagslokalitet frå bronsealder-jernalder (ID.114167) og Fantoft stavkyrkje (ID. 84115-1) som opphavelag vart bygt i Fortun i Sogn, og som brann i 1992. På Fjøsanger, vest for planområdet, ligg det registrert to funnstader, der eine er eit korsforma anheng frå mellomalder (ID. 226396), og det andre er eit funn av eit beslag eller spenne dekorert med hestar, som er tolka for å vere førreformatorisk (ID. 214885). Elles er det svært mange freda bygningar i nærleiken av planområdet, samt Storetveit hovedgård (ID. 108438).



Figur 14: Kart med oversikt over automatisk freda kulturminne i nærleiken av planområdet (merka med svart linje).



## 7. Undersøkinga

Registreringa vart gjennomført 13.-16.06.2022 og 27.-30.06.2022 av arkeologane Ragnhild Egeland Torp, Isabel Furesund Berge og Andrea Skrede.

Under registreringa vart det opna 64 sjakter med gravemaskin, der fem av desse var funnførande. Det vart òg overflateregistrert innanfor planområdet.

Det var teke omsyn til fleire faktorar for kvar sjaktene vart plasserte. Det er mykje infrastruktur i bakken, fleire område som er utbygd, Nasjonenes park, parselhage og blomstereng. I tillegg er det myr i nord, og våte område der gravemaskina måtte stå på fast grunn for å kunne grave. Paktar av grasnet hadde ikkje fått slått når arkeologane kom på staden, og difor vart registreringa delt opp i to separate veker.

Den arkeologiske registreringa resulterte i funn av to automatisk freda kulturminne: eit einfasa dyrkingslag frå førromersk jernalder (ID.289248) og eit einfasa dyrkingslag frå romertid (ID. 289249).

Etter registrering vart det sendt inn to trekolprøver til datering. VP1 (Beta 634239) resulterte i 369-173 cal. BC (2200 ±30 BP), som vil seie førromersk jernalder. VP2 (Beta 634240) resulterte i 10-204 cal.AD (1940 ±30 BP), som er romertid. Lene Halvorsen hjå Universitetsmuseet i Bergen sendte i tillegg inn fire dateringsprøver frå uttak av pollen- og makrofossilanalysane til datering, sjå vedlegg B.



*Figur 15-17: Arbeidsbilete frå registreringa. Øvst til vestre er arkeolog Ragnhild Egeland Torp som arbeider i SJ27, fotografert mot sør. Oppe til høgre opnar ho opp SJ37, fotografert mot nord. Nede til venstre syner arkeolog Isabel Furesund Berge, som dokumenterer SJ12, fotografert mot sør. VLFK*



### Skildring av grunnforhold og stratigrafi

Massane varierer noko i dei ulike områda. Sjå figur 22 for tabell med oversikt over alle sjaktene. I dei høgaste partia i vest og i aust, samt på knausane, er massane tørr, raudleg silt, slik som i figur 18. På knausane var det også raskt på berg som vitrar lett. Det er generelt grunt i dei tørre områda.



Figur 18: Foto av SJ55, fotografert mot nordvest. VLFK

I dei lågaste partia sentralt i planområdet, er massane våte og myrhaldige, sjå figur 19. Det var også vått rett i sørvest, rett nord for Nasjonenes park.





*Figur 19: Foto av SJ24, fotografert mot aust, som illustrerer myrmassar i dette området. Her er også ei moderne dreneringsgrøft synleg i sjakta. SJ23 er synleg i bakgrunnen. VLFK*

Fleire stader var massane omrota, særleg lengst nordvest og lengst nordaust. Dømesvis var det omrota massar i SJ62-64, då det var påfylte massar med mykje stein, treverk, delar av avløpsrøyr og anna moderne søppel. Sjå figur 20 for døme på ei slik sjakt.



*Figur 20: SJ63, som syner ei av dei sjaktene med omrota massar. Her var det mykje moderne søppel. Det var også fuktig her. Fotografert mot søraust. VLFK*

VP-nr.	Beta-namn	Beta-nr.	Sjakt	Askeladden id.	Kontekst	Datering BP	Datering, kal. AD
1	289248VP1	634239	27	289248	Dyrkingslag	2200 ±30 BP	369-173 ca.BC/ 2318-2122 cal. BP
2	289248VP2	634240	43	289249	Dyrkingslag	1940 ±30 BP	10-204 ca. AD/ 1940-1746 cal. BP

Figur 21. Tabell over trekolprøver som vart sendt inn til C14-datering etter registreringa.

Sjakt	Funn	Askeladden id.	Retning	Lengde (m)	Breidde (m)	Djupne (cm)	Undergrunn
1	-	-	N-S	8	2,60	110	Omrota, svarte, myrhaldige massar
2	-	-	NA-SV	3,90	1	10	Torv før berg
3	-	-	N-S	10,10	2,80	40	Lysebrun til raudleg silt
4	-	-	N-S	4,40	3,80	120	Omrota, gul og grå sand til silt
5	-	-	N-S	4,20	2,10	60	Omrota pga kisteveite
6	-	-	A-V	3,70	2,60	110	Omrota massar
7	-	-	N.S	2,60	2,40	100	Grå grus og sand med forvitra stein før berg
8	-	-	N-S	13,20	2,80	100	Forvitra berg
9	-	-	N-S	3,50	2,70	30	Forvitra berg
10	-	-	A-V	8,80	4,20	10	Forvitra berg
11	-	-	NA-SV	16	4,10	50	Forvitra berg
12	-	-	A-V	13,60	2,30	30	Forvitra berg
13	-	-	NA-SV	17	4,30	50	Grå silt, dels gråleg leirehaldig masse
14	-	-	NV-SA	4	3,60	30	Forvitra berg
15	-	-	N-S	4,20	3,80	30	Forvitra berg
16	-	-	NA-SV	8,60	4,20	40	Berg i aust, myr i vest
17	-	-	N-S	12	3,50	15	Berg

18	-	-	N-SA	10	3,70	15	Gul silt
19	-	-	NV-SA	4,50	2,50	30	Forvitra berg i nord, raudleg silt resten
20	-	-	A-V	12	3	45	Forvitra berg i aust, raudleg silt resten
21	-	-	N-S	6,80	2,60	40	Forvitra berg
22	-	-	N-S	3,60	1,60	70	Forvitra berg. Djupast i aust
23	-	-	NA-SV	3,60	1,60	60	Myrmassar
24	-	-	NV-SA	5	1,80	65	Myrmassar
25	-	-	NV-SA	27,30	5,00	30	Raudleg silt
26	-	-	NV-SA	7,10	3,90	25	Raudleg silt
27	S1 Dyrkingslag	289248	NA-SV	14,85	4,60	60	Raudleg silt
28	S1 Dyrkingslag	289248	N-S	4,2	2,40	50	Raudleg silt
29	-	-	N-S	4	2	30	Raudleg silt
30	-	-	NA-SV	4,40	2,50	200	Myrmassar, antyding til grå silt i botn
31	-	-	NA-SV	3,60	2,40	200	Myrmassar, antyding til grå silt i botn
32	-	-	NV-SA	5,50	3	40	Myr i nordaust, elles forvitra berg
33	-	-	NV-SA	17,80	2,70	60	Forvitra berg i nordvest, myr i søraust
34	-	-	A-V	12,50	3,20	45	Raudleg silt
35	-	-	NV-SA	20,50	2	30	Raudleg silt
36	-	-	NV-SA	12,5	3,30	40	Raudleg silt
37	-	-	A-V	8	2,60	30	Raudleg silt
38	-	-	NV-SA	10,70	2,50	30	Dels berg, dels raudleg silt
39	-	-	SV-NA	10	2,50	40	Raudleg silt
40	-	-	N-S	5,30	2,10	30	Raudleg silt
41	S2 Dyrkingslag	289249	A-V	3,10	2,6	55	Raudleg silt

42	S2 Dyrkingslag	289249	NV-SA	3,50	2,50	45	Raudleg silt
43	S2 Dyrkingslag	289249	NA-SV	4,00	2,10	80	Raudleg silt
44	-	-	SV-NA	4	2,50	60	Grå silt
45	-	-	A-V	3,70	2	45	Raudleg silt
46	-	-	A-V	3,6	3,5	120	Myrmassar
47	-	-	A-V	3	1,70	50	Berg
48	-	-	SV-NA	11,40	2,50	50	Berg
49	-	-	NV-SA	5,90	2,10	40	Raudleg silt
50	-	-	NV-SA	7,50	2,60	40	Raudleg silt
51	-	-	N-S	2	3,30	30	Raudleg silt
52	-	-	NA-SV	10	2,30	40	Raudleg silt
53	-	-	NA-SV	12,50	2,50	40	Raudleg silt
54	-	-	N-S	26	3	30	Raudleg silt
55	-	-	NV-SA	21	2,70	20	Raudleg silt
56	-	-	NV-SA	20,50	2,50	35	Raudleg silt
57	-	-	NV-SA	10	3,10	25	Raudleg silt
58	-	-	NV-SA	13,50	2,50	30	Raudleg silt
59	-	-	NV-SA	15,60	2,80	25	Raudleg silt, men meir myrhaldig i austleg ende
60	-	-	NV-SA	11	2,20	40	Forvitra berg i nordvest, myrhaldig i søraust
61	-	-	NV-SA	8	2,70	50	Oransje silt
62	-	-	N-S	4,20	3	70	Omrota
63	-	-	NV-SA	4,60	2,50	135	Myr før blå, leirehaldig silt
64	-	-	NV-SA	4,00	2,50	160	Myr før berg, dels myr før gråblå, leirehaldig silt.

Figur 22: Tabell over sjakter opna under registreringa.




### Pollen- og makrofossilanalyse

I førkant av den arkeologiske registreringa vart Lene S. Halvorsen hjå Avdeling for naturhistorie ved Universitetet i Bergen kontakta. Ho og kollega Ingvild K. Mehl kom ut i felt 28.06.2022 for å ta ut pollen- og markfossilprøve av myra som ligg i nordleg del av planområdet. Rapporten vart fullført 21.10.2022.

Området som i dag er myr, var fram til bronsealder truleg eit tjern som gror meir og meir att gjennom jernalder. Analysen syner auke av urter, sporer frå sopp knytt til husdyrmøkk og meir trekol, samt endring av skogen rundt i yngre bronsealder. Desse faktorane gjev ein indikasjon på menneskeleg aktivitet i dette området allereie då, og truleg er det spor etter beita engvegetasjon (Halvorsen 2022). Det er i følgje Halvorsen ikkje mange tydelege spor etter dyrkingsaktivitet i prøvane, men det er funn av ein åkersenneptype som plar vere ein indikator på dyrking. I tillegg tyder brennesle på eit næringsrikt jordsmonn. Halvorsen skriv at det kan ha vore dyrkingsaktivitet i området, men at resultatet frå analysen primært syner beita vegetasjon.

I yngre bronsealder vart det mindre eik og or, medan det vart meir bjørk og furu. Dette held fram i eldre jernalder til liks med den same urtesamansetninga og spor etter husdyrmøkk, noko som syner kontinuitet av beiting i området. Mindre åkersennep- og gjetertaskepollen kan indikere dyrka mark, men sidan det er så lite av det, kan dyrkinga ha noko avstand til punktet der pollenprøvane vart tatt ut (Halvorsen 2022).




Figur 23: Kart henta frå rapporten etter pollen- og makrofossilundersøkinga gjennomført på Storetveit 28.06.2022. Figur «1)» syner ID. 289249, og Figur «2)» syner ID. 289249, som begge vart registrert i denne arkeologiske undersøkinga. Figur «3)» er funnstad for ID. 2306770. Stjerna er borepunkt for myrkjerna der prøvane er henta ut (Halvorsen 2022).



Figur 24-25: Foto av uttak av pollen- og makrofossilanalyse. Biletet til venstre er fotografert mot sør, og syner Ragnhild Egeland Torp frå Vestland fylkeskommune til venstre, i midten er Ingvild K. Mehl og til høgre er Lene S. Halvorsen, begge frå avd. for naturhistorie ved Universitetet i Bergen. I biletet til høgre er boret med eit av uttaka for pollen- og makrofossilanalyse. VLFK

## 7.1 Automatisk freda kulturminne

Under den arkeologiske registreringa vart det påvist to nye automatisk freda kulturminne. Begge lokalitetane er einfasa dyrkingslag, der første fekk datering til førromersk jernalder (ID. 289248), og den andre til romertid (ID. 289249).




Figur 26: Kart med oversikt over dei to automatisk freda kulturminna som vart registrerte i undersøkinga på Storetveit.



### 7.1.1 Askeladden-ID. 289248 - Lokalitet 1, Storetveitmarken vest - Dyrkingslag

Lokaliteten ligg sentralt i planområdet, om lag 50 m nord for fotballbana. Lokaliteten består av eit einfasa dyrkingslag. Dyrkingslaget (S1) dukka først opp i SJ27, som ligg rett aust for grusvegen som strekk seg nord-sør gjennom planområdet. Det vart opna ei sjakt, SJ28 på vestsida av grusvegen for å avgrense laget. I SJ28 var dyrkingslaget synleg i austleg profil, men ikkje venstre, så SJ28 fungerer slik som ei avgrensing. Det vart opna avgrensande sjakter i nordvest (SJ29), nord (SJ26), nordaust (SJ33), aust (SJ32) og søraust (SJ30-31), men alle desse sjaktene vart funnlause.

Lokaliteten ligg i eit svakt hellande terreng på 53-55 moh. Mot sør-søraust går landskapet ned mot det våte, myrhaldige området sentralt i planområdet.



Figur 27: Kart som syner ID. 289248. Stipla linje syner lokalitetsavgrensinga. Blå linje syner kvar dyrkingslaget vart observert.

SJ27 ligg i eit svakt hellande terreng, frå nordvest til søraust. Sjakta er 14,85 m lang, 2,70-4,60 m brei. Ho er på det djupaste 60 cm djup. I store delar av sjakta er det raudleg silt som undergrunn, men i søraustleg ende, er massane mørkare og fuktigare, og tydeleg påverka av undergrunnsvatn.


I SJ27 vart profilveggen mot vest dokumentert. Der er det ca 15 cm torv, 15-30 cm lysebrun matjord, 30-50 cm mørkegrå, kolspetta siltlag tolka som dyrkingslaget, før raudleg silt som undergrunn. Dyrkingslaget har ujamn tjuknad, nokre stader er laget under 5 cm tjukt, og det er tjukkast der terrenget hellar mest. Det er ein del stein i laget, og laget er noko tjukkare rundt nokre av steinane. Det står ein større stein i vestleg profil, og går ei veite på tvers av sjakta som forstyrrar laget.

SJ28 er 4,2 m lang, 2,40 m brei, og 50 cm djup på det djupaste. Sjakta ligg nord-sør, parallelt med grusvegen gjennom Storetveitmarka. Dyrkingslaget ligg i austleg profil i SJ28, og er her om lag 10 cm djupt, og ligg på 30-40 cm djupne i sjakta.





Figur 28-29: SJ27. Til venstre fotografert mot søraust, til høgre fotografert mot nordvest. VLFK



- 1) 0-15 cm torv
- 2) 15-30 cm lysebrun matjord
- 3) 30-50 mørkegrå, kolspetta siltlag
- 4) Raudleg siltundergrunn

Figur 30: Profilveggen i SJ27, som syner dyrkingslaget (S1), med teiknforklaring. Her kjem det fram at laget hopar seg noko opp rundt steinane. VP1 vart sendt inn til C14-datering, og resulterte i ei datering frå førromersk jernalder. VLFK

Det vart sendt inn ei dateringsprøve (289248VP1) frå dyrkingslaget. Trekolprøva resulterte i ei datering frå førromersk jernalder, 2200 ±30 BP (Beta 634239, 95% 369-173 cal. BC).






